



## Nettverk av ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Sogn og Fjordane

Nyhendebrev 05.06.2019

### Kjære ressursjukepleiar og leiar

Her kjem nyhendebrev frå Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Førde. Vi ynskjer å gje informasjon om aktivitetar i nettverket, samt å gje dykk oppdaterte nyhende innan fagområdet kreftomsorg og lindrande behandling. Dette brevet vert sendt ut til alle våre ressursjukepleiarar og deira leiarar. Vi vil også nytte høvet til å takke kvar og ein av dykk for innsatsen som de har bidrege med dette året. De er viktige, fordi de hevar kompetansen på dykkar arbeidsstad når det gjeld kreftomsorg og lindrande behandling.

### Kort oppsummering frå aktiviteten i vår

#### Nettverksmøte:

Lokale nettverksmøte vart arrangert i Gaular, Fjaler, Luster og Vågsøy

Tema i vår:

1. **Innføring av medikamentskrinet i Sogn og Fjordane ved Marit Eikemo Halsnes**
2. **Barn som pårørende, ved lokalgruppearbeid**

Denne våren har vi gjennomført evaluering av lokalgruppesamlingane. Det har vore gode tilbakemeldingar. Ressursjukepleiarane melder tilbake at tema er svært nyttig, og at dei opplever samlingane som lærerike. Vi møter engasjerte sjukepleiarar, og vi vonar at ressursjukepleiarane vil undervise på arbeidsplassen sin frå dei tema vi har hatt om i vår. Det er ein av dei viktige oppgåvene ved det å være ressursjukepleiar, deling av undervisning og kompetanse som de får gjennom nettverket.

Det er også fleire som seier at dei syns «runden rundt bordet» er god og interessant. Her er eit utdrag frå evalueringa: «Godt å møtast i grupper på denne størrelsen, og fint å høyra om korleis andre kommunar har det. Vi får tips frå kvarandre, og kan evt. oppmuntre kvarandre. Gruppearbeid der vi deler oss med personar frå andre kommunar, er bra».

### Har du problem med å få fri til lokalgruppesamling og Årleg fagdag??

Les i delavtalen kva den seier om funksjon og ansvar for ressursjukepleiaren og om arbeidsgjevar sitt ansvar.

<https://helse-bergen.no/seksjon/KLB/Documents/Ressursjukepleiarar/Helse%20Forde/Delavtale%20forde.pdf>

Verdsdagen i lindrande  
behandling vert markert  
på Temakafe i Førde  
30. oktober kl 18  
i lokala til ORIGOD  
Øyrane 2



Overlege i Palliativt team **Helge Sårheim** vil halde eit føredrag rundt tema «Fordi eg betyr noko». Eit av dei mest kjende sitat innan lindrande behandling er: **«You matter because you are you. You matter to the last moment of your life, and we will do all that we can to help you not only to die peacefully, but to live until you die.»** Helge snakkar om det å sjå heile mennesket, ikkje berre sjukdomen. Spørsmål som «Kva ynskjer du for dagane som kjem? Kva er viktig for deg no?» stiller han i møte med den palliative pasienten. Han vil også snakke om korleis kvart menneske **«set spor etter seg»**.

**Dette arrangementet er saman med Kreftforeningen og frivillige i Førde.**

## Lokalgruppesamling hausten 2019

### • Sorg –

Kva er sorg, korleis møter vi sorg, og kva gjer det med oss?

Tema til hausten vert ved prest, tilsett på Tasta sykehjem og KLB-medarbeidar Lars Helge Myrset:

**Vi er glade for at Lars Helge kjem og underviser oss i dette viktige temaet.**

Lokalgruppe	Stad	Dato
Sunnfjord/Sogn I	Førde	28.10.2019
Indre Sogn	Vik	17.09.2019
Sunnfjord/Sogn II	Hyllestad	29.10.2019
Nordfjord	Bremanger	16.09.2019

## Kurs og konferansar i 2019



**Vi har gleden av å invitere til internasjonal konferanse om omsorg til døende og deres pårørende, 6. - 7. november 2019 i Bergen.**

**Konferansen "A Good Ending - Good for All" forener sluttkonferansen for ERANet-LAC CODE prosjektet Care Of the Dying Evaluation og den årlige forskningskonferansen til International Collaborative for Best Care for the Dying Person.**

Målgruppen for konferansen er helsearbeidere som arbeider med omsorg ved livets slutt, på alle nivåer i helse- og omsorgstjenestene, forskere, representanter fra pasientforeninger og brukerfora, administratorer i helse- og omsorgstjenestene, frivillige som arbeider med alvorlig syke og døende, samt ansatte ved utdanningsinstitusjoner.

Konferansen er støttet av Norges forskningsråd.

**Nærmere informasjon om program, påmelding**

osv.: <http://link.uib.no/agoodending>

**NB: Frist for tidlig påmelding og ev. innsending av abstract: 20. juni**

**Nyhende: nytt register over  
ressurssjukepleiarane i Helse Førde  
Pallnet: <https://www.pallnet.no/#!/>**

Sjekk at ditt namn, namn på leiar og e-post, arbeidsstad og telefonnummer til både deg og leiar er rett på namnelista. Sjå her: <https://www.pallnet.no/#!/list/Sjukepleiarnettverk%20F%C3%B8rde>  
Hugs å sende rett namn, tittel, e-post og telefonnummer til deg og leiaren din til sekretær ved KLB  
[Aud Myhre](#)

## Kreftforeningen informerer om:

- Du finn mykje nyttig info og råd på Facebook om Vardesenteret Haukeland.  
**Følg oss gjerne og hjelp oss å spreie det gode lågterskeltilbodet for kreftpasientar og pårørande:**  
<https://www.facebook.com/vardesenteret/>  
**Vi vil også gjerne ha innspel frå dykk til å dele på Facebook-sida, send gjerne tips til kollega og kommunikasjonsrådgjevar Hilde Kleppestø:**  
[hilde.kleppesto@kreftforeningen.no](mailto:hilde.kleppesto@kreftforeningen.no)  
**Det kan både være arrangement eller relevante gode faglege tips og råd (helst m bilete) som vi kan dele vidare?**
- **Ny rehabiliteringsrapport frå Kreftforeningen: «Å leve med og etter kreft».** Kreftforeningen gjorde ei undersøking blant 1736 kreftpasientar og pårørande hausten 2018. Formålet med undersøkinga var å innhente informasjon om pasientar og pårørande sine primære rehabiliteringsbehov, og i kva grad disse behova blei møtt. Dei mest rapporterte behova for kreftpasienten var: fysisk opptrening, å snakke med en likeperson og informasjon / vegleiing om kva ein kan gjere sjølv under og etter behandling.
- Kan de vidareformidle:  
*Har du erfaring som kreftpasient, pårørende eller etterlatt? Ved å bli med i Kreftforeningens brukerpanel kan du bruke dine opplevelser, erfaringer og kunnskap. Vi trenger din hjelp! Les her dersom du ønsker å vite mer om brukerpanelet vårt:*

<https://kreftforeningen.no/vare-tilbud/brukerpanel/>

*Kreftforeningen vil ynskje alle ein riktig god sommar!*

## Sommarhelsing frå

**Marit Eikemo Halsnes og Marthe Hauge Aase**

